



Hobby Boat AS  
Øyna 1  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3097 - 17/10313

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
31.03.2017

## Oppsummering møte 31.03.17 - gbnr 212/19 Eikanger øvre

REFERAT 31.03.2017 – HOBBY BOAT

Møtt: Jon Runar Harrison, Arne Helgesen, Eilin H. Molvik og Siril Sylta

Tiltakshavar Hobbyboat AS v/Jan Runar Harrison (TIL) har bedt om møte i høve avvisningsvedtak i sak 16/3097.

Tema for møte:

1. Utfylling under bru for E39
2. Ny lagerhall
3. Forhold kring eksisterande lagerhall
4. Vaktmesterbustad

### 1. Utfylling under bru

- a. Krev dispensasjon frå fleire forhold i kommuneplanen (LNF-føremålet samt bruk og vern av sjø, vidare krev tiltaket dispensasjon frå byggeforbodet lang sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.
- b. Må ha inn ansvarsrett på denne søknaden.
- c. Må ha ein avstand på 4 meter frå offentleg leidningsnett

Kjem eit eige brev om kva dokumentasjon som manglar.

### 2. Ny lagerhall

- a. Dispensasjon frå plankrav i kommuneplanen sin arealdel § 1.1, plassering av lagerhall skissert i sak 16/3097 krev truleg og dispensasjon frå arealføremålet kai/hamn dette må identifiserast ved plassering av ny lagerhall i høve dei ulike arealføremåla i kommuneplanen.
- b. Bør avklarast i forhold til BKK sin kabel
- c. Gjere greie for atkomsten til brannbil



### 3. Eksisterande lagerhall søkt oppført i oktober 2013

- a. Byggemeldt og godkjent som midlertidig lagerhall (tiltak 4) ved rammesøknad.
- b. Ved søknad om igangsetting er plassering av lagerhallen endra. Vidare er vegtilkomsten lagt om som følge av at lagerhallen er flytta. Det er i søknad om igangsetting ikkje gjort greie for at endra plassering av lagerhallen fører til at vegen vert flytta. Det er søkt Statens vegvesen om dispensasjon frå byggegrense mot E39 for justert plassering av hallen. Statens vegvesen har handsama dispensasjonssøknaden, men det er truleg heller ikkje her orientert om at vegtilkomsten til området er flytta som følge av at lagerhallen er flytta. Flytting av vegtilkomsten til området har ikkje vore handsama. Igangsettingsløyve for oppføring av lagerhallen er gjeve på bakgrunn av rammeløyve for oppføring av midlertidig lagerhall (tiltak 4).
- c. Vegvesenet har stilt spørsmål til plasseringa av den nye lagerhallen (omsøkt i 2016) og har samstundes påpeika at flytting av vegtilkomsten til området ikkje er noko dei er kjent med.

### 4. Vaktmeisterbustad

Kommunen ventar framleis på vedtak frå Statens vegvesen med omsyn til vaktmeisterbustaden og avstand til E39.

#### Oppsummering

For tiltak som er søknadspliktig etter plan- og bygningslova som skal nyttast av arbeidstakarar skal det innhentast samtykke frå Arbeidstilsynet jf. arbeidsmiljølova § 18-9, dette er uavhenging av om personopphald berre er for eit kort tidsrom, reinald mv. Det vil sei at det for lagerhallen og vaktmeisterbustaden må innhentast samtykke frå Arbeidstilsynet. Kommuen kan berre gje rammeløyve for tiltak som vert omsøkt utan at det ligg føre slikt samtykke, jf. plan- og bygningslova § 21-5 kommunen si samordningsplikt.

Kommunen meiner at dei planlagde tiltaka på eigedomen samla sett er av eit slikt omfang at ein meiner vegen fram vil vere gjennom regulering.

TIL informerer om at føretaket har kjøpt areal på næringsparken Nordhordland industriområde for å sikre vidare utvikling av drifta. Oppføring av ny lagerhall og fylling i sjø er tiltak for å få rydda området rundt bygga og kaia på gbnr. 212/19, samt å få sikra verdiar. Vi informerer om at dette er viktige moment som vil vere vesentleg å få med i ein dispensasjonssøknad.

Vi rår til at det blir sendt inn ein samla søknad om dispensasjon og løyve for dei tiltaka som no skal førast opp, slik at ein får ein heilskapleg og samla vurdering av eigedommen og utnytting av denne.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Uttale - søknad om dispensasjon fra byggegrense - E39 - gbnr 212/19 i Lindås kommune sendt fra Statens vegvesen

**Kopi til:**

Arne Helgesen  
Siril Therese Sylta

**Mottakarar:**

Hobby Boat AS

Øyna 1

5913

EIKANGERVÅG